


Årsmelding

Del II:

Gruppene

Markane Idrettslag

2016



Årsmelding Ullsheimanlegget, frå hausten 2015 til hausten 2016.

Fredag 20. november kom første snøfillene, ca. tre cm, og nok kulde til at snøkanonen vart starta. Den gjekk ca. 30 timer før vi stengde ned. Produserte nok ikkje alt for mykje, men fekk testa kjøletårnet. Det fungert som forventa, fekk kjølt ned vatnet frå ca. 5 grader og ned mot 1 grad.

Det vart skiføre på Ullsheim frå søndag 29. nov. Mildver utover i desember og mykje regn, gjorde at det julaftan var att berre ein tynn issåle på Ullsheim. Kulden kom att frå 25. desember og vi kunne produsere snø i ca. 50 timer.

I første halvdel av januar måtte vi tenkje på NC skiskyting 23. og 24. januar. På Ullsheim var det lite eller ingenting med snø. Snøproduksjon kunne kanskje berge rennet, men då måtte vi få kulde og ei mykje kraftigare snøkanon. Søndag 3. januar kom kulden som vi trengde, og vi starta snøkanonen. 6. januar får vi på plass ei ny stor demokanon som produserer effektivt, og brukar opp vatnet vi har tilgang på. Vi får store problem med straumtilførsel, - og kanonen er ute av drift i 3 døgn. Likevel greier den å lage snøen som skal ut i løypene til rennet.

Det har vorte utfordrande å arrangere skirenn på grunn av mangel på snø. Ein er meir avhengig av kunstsno, men dette må ein ha kulde for å produsere, minst - 5 grader eller meir, i fleire døgn. Deretter må ein transportere snøen ut i løypene og planere. Totalt sett alvorleg mykje arbeid.

Dei store snømengdene kom frå 25. februar. Vi målte 1,3 meter på Ullsheim og over 2 meter på Holesetra.

På Ullsheim er det kjøpt og montert nytt nettverk, kabling og trådlaust til datamaskinene brukt ved tidtaking. Dette gjev betre løysingar for oppkobling under arrangement. Elektrisk er det laga nye kursar for å sleppe mykje skøyteleidningar. Det er også montert overspenningsvern på arenabygget. Vi håpar dette vert funksjonelt og til stor nytte i åra framover. Spesielt Henning Heimlid med fleire har gjort ein kjempejobb på dugnad. Stor takk til dei!

Utelys på garasje og arenabygg er montert for å gjere det litt lysare og trivlegare rundt bygningane. Det er utført ein del vedlikehald både innvendig og utvendig på anlegget, små ting som ikkje viser att så mykje, men som må gjerast. Krattknusing er utført i løypene. I haust er det utlagt flis i løypene nær arena og i hestekoene. Dette for å få vekk fukt og bevare snøen betre. Turløyper Stryn har utført arbeid og leveransar utan kostnad for laget. Noko står att.

Laget har fått spelemidlar til nytt lysanlegg på stadion og i lysløypene. Per Øen har gjort ein kjempejobb med planlegging av lysanlegget, og arbeid i samband med tippemiddelsøknaden. Stor takk til han! Det skal setjast opp nye stolpar, nye led-armatur og ny kabling. Arbeidet er starta og skal etter planen slutførast i løpet av 2017.

TUSEN TAKK TIL ALLE SOM HJELPER TIL PÅ ULLSHEIMANLEGGET !

Hatledal, 20. november 2016

Arvid Hatledal
-styremedlem-

ÅRSMELDING FOR SKISKYTTARGRUPPA 2016

Styret: **Monica V. Halsteinslid** **leiar**
 John Roger Meland **sekretær**
 Jan Egil Gjørven **medlem**
 Kari Tonning **medlem**

Medlemar: Totalt var det 40 aktive utøvarar i gruppa, i tillegg til Johannes og Tarjei som går for Markane IL.

Særforbund: Laget er medlem av Norges Skiskytterforbund.

Anna repr. John Roger Meland er styremedlem i Nordfjord Team Skiskyting.
 Magnhild Hauge og Odd Rune Halsteinslid er revisorar i SFSSK og Nordfjord Team Skiskyting.
 Monica Halsteinslid er kasserar og Margunn Hjelmeset er jenteansvarlig i SFSSK.

Utsending: Monica Halsteinslid, Jan Egil Gjørven, John Roger Meland og Sigbjørn Kirkeeide deltok på årsmøtet i Sogn og Fj. skiskyttarkrins i Hornindal.
 Dei deltok også på årsmøtet i Nordfjord Team Skiskyting
 Monica var også utsending til Skiskytterforbundet sitt Ting i Stavanger.

NTS: Fylgjande er medlemar i Nordfjord Team Skiskyting(NTS):
 Jarle Midthjell Gjørven, Johan Eirik Meland, Georg Halsteinslid, Odd-Sindre Tonning, Håkon Midthjell Gjørven, Andreas Halsteinslid, Grim Nygård, Erlend Bakken, Aksel Mathias Meland, Simon Hjelmeset Kirkeeide, Kari Alsaker, Anne Marie Roset og Magnus Midthjell Gjørven.
 Markane IL dekker 50% av løparkontingenten i TSN.

Landslag: Tarjei Bø og Johannes Thingnes Bø er på elitelandslaget i skiskyting.

Møter: Gruppa har hatt tre styremøte i tillegg til felles treffpunkt på treningane der vi har ”teke ting langs med”. Elles er telefon og e-post flittig i bruk om noko må diskuterast og avgjerast. Leiaren har delteke på dei fleste styremøta i hovudlaget. Det var felles ”oppstartssamling” for aktive og foreldre den 1. desember 2015.

Kurs: For dei som er nye i skiskyttargruppa, inklusiv føresette, har vi hatt kurs i bruk og behandling av skiskyttervåpen - ”sikkerheitskurs”.
 Dei nye skiskyttarane med foreldre gjennomførte ein ”skiskyttarskule”, dette gjev grunnleggjande opplæring i skytetrening og fysisk trening på barmark og ski.

Arrangement

NC i skiskyting på Ullsheim 22. – 24. januar:

Markane IL vart igjen tildelt et stort arrangement frå NSSF og vi var klare til å sette Stryn og Markane på kartet med eit godt arrangement. Vêrgudane var ikkje på vår side i forkant av arrangementet noko som gav oss utfordringar med å skaffe nok snø til arrangementet. Dette var både tid- og kostnadskrevjande for laget, da en måtte produsere og kjøre ut snø for å stable arrangementet på beina, men vi greidde det. På programmet stod normal laurdag og sprint søndag, vel 400 startande kvar dag. Laurdag fikk vi trøbbel med et kabelbrot frå standplass til

tidtaking, noko som medførte problem med resultatsservice og følgelig også vanskelige arbeidsforhold for speakerteam. Vi utsette premieutdelingane til neste dag og gikk gjennom alt manuelt og produserte korrekte resultat. Ei stor takk til gjengen på tidtaking og i sekretariatet som tok denne tunge jobben! Søndag var kabelbrotet fiksa og alt låg til rette for eitt prikkfritt arrangement.

Tilbakemeldingane frå dei tilreisande var gode og dei rosa oss for eit vel gjennomført arrangement. Vi kunne puste letta ut søndag ettermiddag og vere fornøgde med at folk hugsa dette som et flott arrangement. Økonomisk kom ikkje laget noko godt ut av det på grunn av store kostnader til snøproduksjon og transport, men alternativet var å avlyse nok et stort arrangement noko laget ikkje ønskte. Tusen takk til alle som bidrog med å få dette arrangementet i hamn.

6. april arrangerte vi lagsmeisterskap i skiskyting med 27 deltakarar på start.

Markane Rulleskifestival vart avvikla på Ullsheim 10. og 11. september med ca. 75 deltakarar kvar dag. Litt «laber» interesse for dette arrangementet og vi må vurdere om det er liv laga. Mye arbeid for såpass få utøvarar.

Arbeid på anlegget:

Det har vore utført fortløpande vedlikehald på anlegget.

Gevær:

Laget har 9 stk. skiskyttervåpen som vi låner ut, fortrinnsvis til nye som tek til med skiskyting. Dei fleste har sitt eige våpen og andre låner privat.

Treningar:

Dei organiserte treningane tok til i midten av august i forkant av Rulleskirennnet for så ha en pause igjen til etter haustferien. Vi hadde ei ”forsinka” oppstartssamling for aktive og foreldre i desember. Mykje av grunnen til dette er konkurrerande aktivitetar for dei aktive noko som gjer at mange ikkje startar opp igjen med skiskyting før litt seinare på sesongen.

På treningane, som varer frå 18.00 til 20.00, er det både ein skytedel og ein del med fysisk trening, og ein veksler på å nytte standplassen. Alle foreldre gjer her ein viktig jobb med å vere delaktig på treningane. Likevel vil eg spesielt nemne Jan Egil Gjørven, John Roger Meland og Nils Heggdal som er faste trenarar (fordelt på ulike grupper). Tusen takk til dokke!! Elles har vi også i år aktive og lovande skiskytterar som går på idrettslina ved Stryn Vidaregåande Skule. Desse har eit flott opplegg og får mykje trening og samlingar i regi av NTS og skulen.

Våre aktive på 15 og 16 år får også mykje trening gjennom samlingar i regi av NTS.

Resultat:

Tarjei Bø vart tildelt Holmenkollmedaljen for sin innsats som skiskytter. Dette er den høgste utmerkinga innan skiidretten og i statuttane står det «Holmenkollmedaljen kan tildeles skiløparar som i fleire år har oppnådd framifrå resultat i ei eller fleire av skiidrettens greiner»

Også denne sesongen vart det mange svært gode prestasjonar i verdscupen. Johannes Thingnes Bø tok tre individuelle singlar i verdscupen. Han sikra seg

også verdscupsigrar i stafett og miksstafett. Dermed vart det ein andreplass i verdscupen samanlagt. Tarjei Bø sikra seg verdscupsigrar i miksstafett og stafett og ein individuelle andre- og to tredjeplassar i løpet av sesongen.

Det store høgdepunktet for sesongen kom likevel med VM på heimebane i Holmenkollen med både Johannes Thingnes Bø og Tarjei Bø på startstreken. Med begge brørne på laget starta VM med bronsemedalje i miksstafett. Endå betre gjekk dei på stafetten for menn der Noreg sikra seg gullmedalje med 2x Bø på laget. På VM sin siste dag sikra Johannes seg også eit individuelt VM-gull på fellesstarten. Ein fantastisk prestasjon!

Også under NM senior vart medalje til Markane-løparar. Her vart det gullmedalje til Tarjei Bø på fellesstarten medan det vart NM-sølv til laget frå Sogn og Fjordane med Tarjei Bø og Jarle Midthjell Gjørven på laget.

Simon Hjelmeset Kirkeeide kvalifiserte seg til Young Star-rennet i Holmenkollen.

Komplette resultatlistar for skiskyttarsesongen 2015/2016 ligge ute på heimesida. Sjå også resultatoversikta med dei beste resultata nedanfor. Her er mange gode prestasjonar!

Utøvarar som har kome på premieplass (beste tredjedel, eller beste halvpart i HL) i nasjonale/internasjonale meisterskap.

Fylgjande løparar har oppnådd dette gjennom sesongen 2015/2016:

Jarle Midthjell Gjørven	NM senior	stafett	2. plass
	NM «	mix-stafett	5. «
Johan Eirik Meland	NM senior	sprint	17. ”
Johannes Thingnes Bø	V cup Östersund	mixstafett	1. ”
	V cup Østersund	sprint	6. ”
	V cup Østersund	jaktstart	16. ”
	V cup Hochfilzen	stafett	2. ”
	V cup Hochfilzen	sprint	14. ”
	V cup Hochfilzen	jaktstart	23. ”
	V cup Pokljuka	fellesstart	8.
	V cup Anterselva	stafett	3. “
	V cup Anterselva	sprint	8. “
	V cup Anterselva	jaktstart	3. “
	V cup Ruhpolding	stafett	1. “
	V cup Ruhpolding	normal	16. “
	V cup Ruhpolding	fellesstart	12. “
	V cup Ruhpolding	sprint	1. ”
	V cup Ruhpolding	jaktstart	7. ”
	V cup Presque Isle	stafett	1.
	V cup Presque Isle	sprint	1.
	V cup Presque Isle	jaktstart	2.
	V cup Khanty Mansiysk	sprint	7. ”
	V cup Khanty Mansiysk	jaktstart	2. ”
	VM Holmenkollen	miksstafett	3.”

	VM Holmenkollen	sprint	4. ”
	VM Holmenkollen	jaktstart	4. ”
	VM Holmenkollen	normal	4. ”
	VM Holmenkollen	stafett	1. ”
	VM Holmenkollen	fellesstart	1. ”
Tarjei Bø	NM senior	fellesstart	1. plass
	NM «	stafett	2. «
	NM «	sprint	22 «
	V cup Östersund	miksstafett	1. ”
	V cup Östersund	jaktstart	4. «
	V cup Hochfilzen	sprint	3. «
	V cup Hochfilzen	stafett	2. ”
	V cup Hochfilzen	jaktstart	4 ”
	V cup Pokljuka	sprint	9. ”
	V cup Pokljuka	jaktstart	4. ”
	V cup Pokljuka	fellesstart	18. ”
	V cup Anterselva	sprint	3. ”
	V cup Ruhpolding	fellesstart	11. “
	V cup Ruhpolding	stafett	1. “
	V cup Ruhpolding	normal	11. “
	V cup Ruhpolding	sprint	2. ”
	V cup Ruhpolding	jaktstart	4. ”
	V cup Presque Isle	stafett	1.
	V cup Presque Isle	sprint	8.
	V cup Presque Isle	jaktstart	19.
	V cup Khanty Mansijsk	sprint	35. ”
	V cup Khanty Mansijsk	jaktstart	12. ”
	VM Holmenkollen	miksstafett	3.”
	VM Holmenkollen	stafett	1. ”
	VM Holmenkollen	fellesstart	6. ”
Håkon Midthjell Gjørven	NM Junior	normal	19. «
Aksel Mathias Meland	NM Junior	normal	10. «
	NM junior	sprint	29. «
	NM rulleski skyting	sprint	5. «
	NM rulleskiskyting	jaktstart	11. «
Simon Hj. Kirkeeide	NM rulleskiskyting	sprint	7. «
	NM rulleskiskyting	jaktstart	9. «

Norgescup:

Aksel Matias Meland 2. plass i sprinten på Vingrom og Ullsheim og 9. plass på normalen på Ullsheim

Viser til fullstendige resultatlistene på heimesida i høve resultatene i NC.

Krinsmeisterskap

Anders Svarstad Hole: bronse på normal

John Erlend Bø: bronse på fellesstart
Maren Hjølmeset Kirkeeide: gull på normal
Hedda Garlid Hilde: bronse på normal og sølv på fellesstart
Oskar Guddal Breivik: sølv på normal
Nikolai Dispen Lødemel: bronse på fellesstart
Anne Marie Roset tok gull på fellesstart og bronse på normal
Kari Alsaker fekk gull på fellesstart og sølv på normal.
Simon Hjølmeset Kirkeeide tok gull på normal og fellesstart
Aksel Meland tok gull på normal og fellesstart
Odd-Sindre Tønning tok bronse på normal
Erlend Bakken tok sølv på fellesstart.
Grim Nygård tok bronse på fellesstart
Gaute Bø tok sølv på normal
Georg Halsteinslid tok gull på fellesstart.

Kvalfossprinten: (beste resultat)

Maren Hjølmeset Kirkeeide 5. og 12.
Emilie Flo Stavik 20. og 27.
Sigurd Fotland Fænn nr 48 og 58
Oskar Guddal Breivik nr 43 og 51
Kari Alsaker 24. og 26.
Simon Hjølmeset Kirkeeide nr 10 og 32

Vestlandsmeisterskap:

Emilie Flo Stavik nr 1 og 3
Maren Hjølmeset Kirkeeide nr 4 og 4
Oskar Guddal Breivik nr 1 og 6
Sigurd Fotland Fænn nr 9 og 9
Magnus Midthjell Gjørven nr 3 og 6
Kari Alsaker nr 1 og 1
Anne Marie Roset nr 3 og 5
Simon Hjølmeset Kirkeeide nr 1 og 3

Liatoppsprinten:

Oddrun Hjølmeset Kirkeeide 15 og 16
Mari Sofi Meland 9 og 17
Iselin Bø 33 og 38
Elias Dispen Lødemel 34 og 69
John Erlend Bø nr 54 og 70
Anders Svarstad Hole nr 103 og 106
Maren Hjølmeset Kirkeeide nr 7 og 10
Emilie Flo Stavik nr 11 og 32
Hedda Garlid Hilde nr 30 og 32
Oskar Guddal Breivik nr 13 og 35
Sigurd Fotland Fænn nr 36
Nikolai Dispen Lødemel 69 og 73
Simon Hjølmeset Kirkeeide nr. 2 og 31
Anne Marie Roset nr 24 og 27

I tillegg til alle dei resultat som er lista opp her så er vi ein stor kontingent med gutar og jenter som reiser rundt på krinsrenn lokalt når berre snøtilhøva tillet det. Dette er viktig for trening/motivasjon/samhald i gruppa. Her, som i andre renn, varierer innsatsen både i løypa og på standplass, men vi håpar at dei fleste, ja alle,

har ei eller fleire positive opplevingar å sjå tilbake på, og at dei er motivert til å ”gå på ein ny sesong.”

Til slutt: **Våre utøvarar i Markane Idrettslag presterer på eit høgt nasjonalt/internasjonalt nivå. ”Markane IL” er blitt eit omgrep i norsk skiskyting; ein klubb og eit arbeid som blir lagt merke til i det ganske land. Det har vi berre våre utøvarar å takke for. Vi prøver så godt vi kan å leggje tilhøva til rette for trening og utvikling lokalt. Eit nært samarbeid med Stryn vidaregåande skule og Nordfjord Team Skiskyting gjer dette mogleg - la oss håpe dette også blir høve til for utøvarane som kjem etter – la dei også få denne fantastiske moglegheita på ”heimebane”.**

Ei stor takk til alle som gjer sin del av ”jobben” i gruppa vår; enten det er medhjelparar på standplass, funksjonærar ved arrangement, trenarar eller styremedlemer. Dreg vi lasset ilag så får vi det til!

Stryn, den 20.11.16

Skiskyttargruppa

Monica Halsteinslid, John Roger Meland, Jan Egil Gjørven og Kari Tønning

Årsmelding for skigruppa 2016

Skigruppa 2016 :

Leiar: Sigbjørn Fænn

Medemmer: Margunn Hjelmeset, Kjetil Svarstad , Svein Rune Aaland og Ivar Jon Erdal.

Skigruppa har hatt fleire møter der vi fordeler oppgåver som skal gjennomførast.

Aktiviteter 2016

- Barmarksamling
- Skitreningar
- Cuprenn/Telenorkarusellen
- Lagsmeisterskap
- Ullsrennet
- Tverrfjelldilen
- Ski i skulen/Skuleskidag
- Skiposten

Langrennssamling med Sjur Ole Svarstad

Denne barmarksamlinga er eit samarbeid mellom Markane IL og skikrinsen. Sjur Ole Svarstad stilte som trenar og motivator.

I år deltok ca. 60 born frå heile fylket med ei fin fordeling av jenter og gutar i alderen 12 – 16 år. Det er gleden at fleire jenter deltek no enn då vi starta opp for 5 år sidan. I tillegg til mange gode treningsøktar både på rulleski og med joggesko er samlinga sosialisierende der utøvarane får eit godt samhald på tvers av klubbane.

Trenarar og medhjelparar gjer ein kjempegod innsats for at dette skal være ei god oppleving for alle som er på Ullsheim denne helga i september.

Skitreningar

Skitreningane i vinter fungerte ikkje så godt som dei føregåande åra, men vi starta opp med sirkeltreningar torsdagane på Ullsheim, tidleg i oktober 2015. Då snøen kom, heldt vi fram med å nytte torsdagen som treningsdag. Det synt seg at det var vanskeleg å finne ei tid som passa for alle dei som er aktive i miljøet, og dermed vart det dessverre litt varierende tal på frammøtte til treningane sist vinter. Vi håpar dette kan rette seg den komande sesongen slik at vi etterkvart kan få opp ei god og aktiv treningsgruppe.

Dei aller fleste som er aktive i Markane går skiskyting, men det er likevel fleire som hevdar seg og gjer det svært godt i SSF-cup og nasjonale renn. Sjå resultat sist i årsmeldinga.

Trenarar sesongen 2015/16: Nils Heggdal og Sigbjørn Fænn.

Cuprenn / Telenorkarusellen

Cuprenn/Telenorkarusellen har deltakarmessig fått eit oppsving siste åra, med eit deltakartal på godt over 100 løparar. Dette er delvis pga. snømangel andre stader, slik at det har kome mange deltakarar frå andre idrettslag. Desse renna har for mange vorte ei fin hardøkt, der dei kan måle kvar dei står treningsmessigt.

Ved å produsere snø og ha skiløyper og forhold når andre ikkje klarer det, er vi med på å styrke Ullsheim som regionsanlegg. Cuprenna har også blitt ein sosial arena der unge og vaksne samlar seg og har ei god skioppleving. Det vart arrangert i alt 5 renn frå januar til mars – to renn klassisk, to renn friteknikk og eitt renn i skicross.

Lagsmeisterskap

Alle lagsrenna bortsett frå det i fristil, som går inn i eit av cuprenna, vart avvikla 2. påskedag. Ei fin avslutning på sesongen der det viktigaste er å delta og ha det litt sosialt med mat og drikke i Årestova til slutt.

Ullsrennet

Ullsrennet vart arrangert i starten av januar, og gjekk inn i ssf cup for for rekrutt. Stilarten var friteknikk. Ullsrennet har etterkvart fått høg status i fylket, og det samlar flest deltakarar av alle skirenn på krinsnivå. I forkant av løpet i år var det store tekniske problem med å få laste ned nytt tidtakarprogram frå Emit. Iherdig innsats frå Henning Heimlid med fleire redde heldigvis situasjonen.

Tverrfjelldilten

Tverrfjelldilten vart arrangert for fjerde gong i ein trase som kanskje var den beste så langt i rennet si korte historie. Vi håpar vi kan behalde denne traseen sjølv om den somme stader ikkje følgde turtraseane. I tillegg til dette bidrog bra vær og gode forhold til at dette nok er den beste Tverrfjelldilten som har vorte arrangert....hittil.... Kanskje vi kan klare å auke deltakartalet i

Ski i skulen

Ski-opplegg for 5.trinn ved Tonning Skule.

Markane IL hadde også i år hovudansvaret for opplegget, men hadde 3.klasse idrett ved Stryn vgs med på laget! Instruksjonen vart delt mellom MIL (2 gongar) og Stryn vgs (3 gongar).

Prosjektet sitt føremål er å styrke tilbod om fysisk aktivitet til elevane vinterstid, samt å gje dei positive opplevingar, skiglede og ferdigheiter som kan nyttast også seinare i livet. Det vart gjennomført mange fine økter med elevane – der dei fekk prøve seg på mange ulike aktivitetar med ski på beina! Tilbakemeldingane frå Tonning Skule har også i år vore udelt positive!

Skuleskidagen

Som ei avslutning på ski i skulen-prosjektet, vart alle 5. klassingane i Stryn og Hornindal inviterte til ein skuleskidag. 3. klasse idrett ved Stryn vgs. stod for det tekniske arrangementet (instruksjon / skileik / gjennomføring av skuleskirenn). Markane IL hadde ansvar for det praktiske (tilrettelegging / mat / premiar).

Eit kjekt arrangement der alle som var tilstade – både lærarar, elevar og funksjonærar elles gjorde ein stor innsats for å få gjennomført skidagen!

Skiposten

Eit tilbod for skiglade i alle aldrar. 10 ulike postar vert hengde opp på ulike punkt i turløypene og heng ute i kvar sine periodar. Klippekort / kart vert delte ut til interesserte. Sist vinter vart det levert inn ca. 40 - 45 klippekort. Premiar til alle!

Resultat

Langrenn:

KM - friteknikk:

j-13 nr 1 Emilie Flo Stavik

nr 2 Maren Hjelmeset Kirkeeide

g-16 nr 1 Simon Hjelmeset Kirkeeide

g-17 nr 2 Aksel Matias Meland

SSF-cup samanlagt:

g-11 nr 1 Torje Seljeset

j-11 nr 1 Oddrun Hjelmeset Kirkeeide

j-13 nr 1 Emile Flo Stavik

nr 2 Maren Hjelmeset Kirkeeide

g-14 nr 3 Oskar Guddal Breivik

Hovudlandsrenn langrenn Fauske

7.5 km klassisk G16 nr 6 Simon Hjelmeset Kirkeeide

Sprint fri teknikk G16 nr 44 Simon Hjelmeset Kirkeeide

Langrennscross G16 nr 52 (av 183): Simon Hjelmsset Kirkeeide

Kombinert/hopp:

Høgåsrenna:

Kombinert: nr. 3 Eskil Kveen

Hopp: nr. 4 Eskil Kveen

Hovudlandsrennet Fauske

Kombinert G16: 5.plass Eskil Kveen

Hopp K-67 G16: 9.plass Eskil Kveen

Kombicross: 5.plass Eskil Kveen

Youth Cup International kombinert: 11. og 14. plass Eskil Kveen

KM-hopp

1.plass Eskil Kveen

I løpet av sesongen 2015/2016 hadde Markane deltakarar i følgjande skirenn: SSF-cup Hodlekve, Ullsrennet friteknikk/klassisk, Seimsåsenrennet, SSF-cup duathlon, Kleivanerennet, Hyesprinten, SSF-cup finale, SSF-karusell Eid, Ribberennet, KM friteknikk, KM sprint, Tverrfjelldilten, Holmøyskarrennet, Stryn Rando, Nakkjen Ned, Rypeskarrennet, Vetrennet og Kjerdingi Open 2016, Lysebotn Opp (rulleski)

Til slutt vil skigruppa få takke alle som stiller opp som funksjonærer og trenarar!

Årsmelding 2016 for trimgruppa

Styret

Leiar: Per Jakob Kyrkjeeide .

Styremedlemmer: Bodil Dybevoll, Even Nesje og Sigbjørn Kirkeeide.

Sætretrimmen.

Bøkene vert samla inn i starten av oktober. Dei ligg ute på ni setrar. Det er 1 poeng pr. besøk på setrane.

Det ligg bøker på Holsetra 4060 besøk, Grendasetra 731 besøk, Faleidsstøylen 407 besøk, Maursetsetra 311 besøk, Gråberg 255 besøk, Jutedalsetra 132 besøk, Øyesetra 54 besøk, Florehytta 41 besøk og Sindresetra 21 besøk .

Totalt besøkstal denne sesongen er 6012. Det er 129 mindre enn i fjor. Mest besøkt er Holsetra med 4060. Dette er 177 mindre enn i fjor. Minst besøkt er Sindresetra med 21. Det er på dei fleste postane ein liten nedgang frå i fjor men besøka på Faleidstøylen og Gråberg har gått litt opp. Det var i år berre medlemmer i Markane IL som var med i konkurranse om eit Sætretrimtroll.

Årets klassevinnarar:

Damer: Åsa Svarstad

Jenter 13 – 17 år: Maren Hjelmeset Kirkeeide

Jenter 7 – 12 år: Oddrun Hjelmeset Kirkeeide

Jenter 0 – 6 år: Ane Hjelmeset Kirkeeide

Menn: Bjarne Svarstad

Gutar 13 -17 år: Simon Hjelmeset Kirkeeide

Gutar 7 – 12 år: Amund Flore

Gutar 0 – 6 år: Andris Flore

Badinga:

Badinga startar opp i starten av september og varer til påske. Laget stiller med eigne badevakter . Følgjande personer har vore badevakter i år: Emil Andre Nesje, Einar Dons Brath, Nils Heggdal, Sissel Svarstad, Even Nesje, Arve Åbrekk, Sveinung Otterdal og Sigbjørn Kirkeeide .

Leiar trimgruppa

Per Jakob Kyrkjeeide

Årsmelding friidrett 2016

Sidan det dei to siste åra ikkje har lukkast valnemnda å finne ny leiar for friidrett i 2016, har aktiviteten lege under styret. Eldbjørg Hatledal har hatt hovudansvar for Postvegløpet medan Antonia Karete Kongsvik har teke seg av web, innbydingar med meir.

Oldestafetten 26.4.2016

Det vart også i år mobilisert for å få på plass lag frå Markane til Oldestafetten. Dermed var eit lag frå Markane på startstreken i herreklassen medan eitt i guteklassen vart stilt med to lag. Herrelaget sprang inn til ein fin 3.plass medan gutelaget kom på ein niandeplass i si klasse. På herrelaget sprang Lars Midthjell Gjørven, Georg Halsteinslid, Simon Hjelmeset Kirkeeide, Eskil Kveen og Håkon Midthjell Gjørven. Gutelaget bestod av Sigurd Fotland Fænn, Anders Svarstad Hole, Eirik Bjørlo Sandbakk, Jon Erlend Bø og Oskar Guddal Breivik.

Postvegløpet 1.6.2016

Postvegløpet hadde også i år svært god deltaking med 124 startande fordelt på trim- og konkurranseklassane. Sjølv om det ikkje vart ny deltakarrekord totalt, vart det ny rekord for konkurranseklassa med 71 løparar. Spesielt var det stor auke i talet på kvinner i konkurranseklassa der det i år deltok 17. Vinnarar av årets løp vart Gisle Skjølberg og Kristine Hjelbakk Hole.

Deltaking i løp og på stemner

Det har heller ikkje i år vore arrangert treningar i friidrett i regi av Markane, men alle som ønskjer å delta på løp eller stemne for MIL står fritt til å gjere dette. Også i år har Markane vist igjen på resultatlistene rundt omkring.

Strynehall-leikane: Kjetil Svarstad vart nr 1 i MS i høgde og 40 m.

Rotevatnet rundt, løp 50: Nikolai Dispen Lødemel nr 3 og Elias Dispen Lødemel nr 5 i guteklassen og Svein Arne Lødemel nr 1 i M40-49. og i løpet totalt.

Rotevatnet rundt nr 51: Nikolai Dispen Lødemel nr 1 i guteklassa og Svein Arne Lødemel nr 1 i M40-49 og i løpet totalt.

Rotevatnet rundt nr 54: Nikolai Dispen Lødemel nr 1 og Elias Dispen Lødemel nr 2 i guteklassa.

Rotevatnet rundt nr 55: Nikolai Dispen Lødemel nr 2 og Elias Dispen Lødemel nr 3 i guteklassa og Svein Arne Lødemel nr 3 i M40-49.

Postvegløpet 2016: Simon Hjelmeset Kirkeeide nr 3 i løpet totalt og vinnar av G16-18. Andreas Halsteinslid nr 4 i G16-18, Nikolai Dispen Lødemel nr 6 i G13-15, Elias Dispen Lødemel nr 8 i G13-15, Maren Hjelmeset Kirkeeide nr 5 i J13-15, Aslaug Thingnes Bø nr 1 i KV50-59, Rasmus Endre Bø nr 1 i M19-34, Gaute Bø nr 5 i M19-34 og Svein Arne Lødemel nr 6 i MV35-39.

Trollenykjen opp: 4. plass til Andreas Halsteinslid i M18-19 og Aksel Matias Meland nr 6 i M16-17.

Hornindal Rundt (halv distanse): 4.plass til Cristine Indrebø Turøy i J12-15. 24. plass til Gisle Bøe i M23-34, 2.plass til Per Jakob Kyrkjeeide i M45-49 og 8.plass til Jan Egil Gjørven i M50-54.

Skåla Opp: Håkon Midthjell Gjørven vart nr 3 i M18-19. Rasmus Endre Bø nr 26 i M23-34 og Jan Egil Gjørven nr 45 i M50-54.

Kleiva Opp: 3.plass i M20-34 til Rasmus Endre Bø og 4.plass til Anders Vonheim. 3. plass til Simon Hjelmeset Kirkeeide i G16-19, 4. plass til Håkon Midthjell Gjørven i G16-19, 5. plass til Andreas Halsteinslid i G16-19. I den korte løypa for dei under 16 år var det 2.plass til Oskar Guddal Breivik og 6.plass til Magnus Midthjell Gjørven. I klassa for jenter under 12 år vart Oddrun Hjelmeset Kirkeeide nr 1.

Heiamila: 3.plass til Svein Arne Lødemel M40-49. 3.plass til Elias Dispen Lødemel i G12-15 og 4.plass til Nikolai Dispen Lødemel i G12-15.

Strynemila 2016: 1.plass til og ny løyperekord til Rasmus Endre Bø, 7. plass til Gaute Bø og 11.plass til Håkon Midthjell Gjørven. 2. plass til Nikolai Dispen Lødemel i G15, 3.plass til Magnus Midthjell Gjørven i G15 og 2.plass til Elias Dispen Lødemel i G13.

Skarsteinsetra Opp: Johan Olai Svidal klassevinnar i M30-39 på sykkel.

Markane 18.11.2016
Antonia Karete Haugen Kongsvik

Årsmelding for Markane og Stryn barneidrettsskule 2016

Barneidrettsskulen har også dette siste året lege på vent. Mange andre aktivitetstilbod i den aktuelle aldersgruppa gjer at det framleis er vanskeleg å «finne rom» for barneidrettsskulen. Men – økonomi og utstyr har ein framleis i regi av barneidrettsskulen, dette gjer det lettare om ein eventuelt vil starte oppatt ved seinare høve.

Årsmelding for orienteringsgruppa 2016

Styret: Sissel Svarstad, Grete Zachariassen, Svein Arne Lødemel og Per Øen.

Møte

Gruppa har hatt 2 styremøte/planleggingsmøte der vi har fordelt oppgåvene mellom styremedlemmane, og sett opp ansvarlege for dei forskjellige løpa/aktivitetane. Per Øen har vore o-gruppa sin kontaktperson mot idrettslag, krins og forbund. Han har møtt på nokre styremøte i Markane IL. Grete Zachariassen og Per Øen deltok på o-krinstinget på Skei den 27. februar.

Kurs

Det har ikkje vore halde kurs i regi av gruppa dette året, ei heller har medlemmane delteke på kurs andre stader.

Nær-o-løp

Markane IL arrangerte 6 av i alt 10 nær-o-løp i 2016: (IL Veten 2 løp, Hovdebygda IL 1 løp, Von IL 1 løp)

- Den 11. mai i Tonningkamben med 92!! deltakarar. Dette var Verdens Orienteringsdag, og vår innsats bidrog til at det vart sett verdsrekord når det gjeld tal på o-løparar på ein dag. Løypeleggar var Åshild Sætren Bøe, medhjelparar Grete Zachariassen, Sissel Svarstad, Svein Arne Lødemel og Per Øen.
- Den 2. mai på Sætren med 61 deltakarar. Gisle Bøe og Vigdis Sætren var løypeleggar og Oddvar Sætren/Brynhild Sætren medhjelparar.
- Den 2. juni på Tonning- og Vika-sætra med 47 deltakarar. Løypeleggar var Anne Marie Svarstad.
- Den 9. juni i yste Maursetvegen med 38 deltakarar. Løypeleggar var Per Øen, medhjelparar Jon Kjøs og Vigdis Sætren.
- Den 30. juni ved Badedammen på Tverrfjellet med 42 deltakarar. Løypeleggar var Grete Zachariassen og medhjelpar Sissel Svarstad.
- Den 18. august på Ungkars kvile (Tverrfjellet) med 30 deltakarar. Løypeleggar var Vigdis Sætren og medhjelpar Grete Zachariassen.

Løpet på Tverrfjellet 18. august var også lagsmeisterskap for Markane IL. Lagsmeistrar vart Maren Hjelmeset Kirkeeide for jenter, Magnus Midthjell Gjørven for gutar, Anne Marie Svarstad i dameklassen, Nils Heggdal i herreklassen samt Aslaug Thingnes Bø og Klemet Bø i veteranklassane.

O-gruppa vil takke den anonyme gjevaren for flotte, dreia premiar til lagsmeisterskapen!

Alle frå Markane IL som deltok på minst 5 nær-o-løp, fekk den flotte samlepremien, tallerken med julemotiv. Desse var: Brita Svarstad Heggdal, Nils Heggdal, Olin Svarstad Heggdal, Katrine Svarstad Heggdal, Åshild Sætren Bøe, Margunn Hjelmeset, Jesper Svarstad Hole, Ane Hjelmeset Kirkeeide, Maren Hjelmeset Kirkeeide, Per Øen, Aslaug Thingnes Bø, Klemet Bø, Gisle Bøe, Anne Marie Svarstad, Sissel Svarstad, Vigdis Sætren, Grete Zachariassen, Ronja Sveen Hatledal, Eira Sveen Hatledal, Sofie Heimlid, Idar Holen og Kåre Bøe.

Resultat frå andre løp i krinsen

Det har i år vore lita deltaking på løp av medlemmar i Markane IL. Men Vigdis Sætren deltok på Sunnfjordorienteringa i Førde den 21. mai der ho vann klasse D-50 med eit sterkt løp. (3.540m på 36,23).

Under Fjord-O Vest der IL Vetten arrangerte 2 løp og Emblem IL 2 løp, deltok til saman 12 løparar frå Markane IL. I tillegg var Dag Arne Eide TD i eitt av løpa på Nordfjord Fritidssenter. Dei tre beste løpa talde samanlagt, og sterkaste prestasjonane sto Åshild Sætren Bøe, Lars Danielsen Holen og Anne Marie Svarstad for.

Åshild vart nr. 10 samanlagt av 23 deltakarar i D-45 klassen med 6.- og 7.-plassar som beste enkeltresultat.

Lars Danielsen Holen vann klasse H17AK i konkurranse med 10 andre løparar etter serien 6/2/4/2.

Anne Marie Svarstad vann klasse D17C etter 3 førsteplassar! (Deltok berre på tre løp). Det var totalt 16 deltakarar i denne klassen.

Løp utanfor krinsen

Viss vi ser bort frå Fjord-O Vest, er det, så vidt vi veit, berre Lars Danielsen Holen som har delteke på løp utanfor krinsen. I Austlandsområdet deltok han i mai/juni på Elgdilten, Løvsprettan, Nordmarkskarusellen og Mjølnerløpet.

Turorientering

O-gruppa gjennomførte turorientering med postar på kartet «Tverrfjellet», i Tonningkamben på kartet Stryn og i Ullsheimområdet på kartet Tverrfjellet. Det blei selt 21 konvoluttar, 14 ekstra klippekort og 5 ekstra kart.

Innleverte klippekort resulterte i 7 gullmerke, 7 sølvmerke og 1 bronsemerke. Ansvarleg var Grete Zachariassen.

Finn-Fram-Dagen

Finn-Fram-Dagen blei arrangert 5. juni på Ullsheim i samarbeid med Barnas Turlag. Rundt 30 små og store deltok ivrig i følgande aktivitetar: Nybyrjarløype, postplukk, rakettløype og natursti med orienteringsspørsmål. Hovudansvarleg var Sissel Svarstad og Svein Arne Lødemel, og med på arrangementet var Grete Zachariassen og Aslaug Thingnes Bø.

Skulesprinten

Vi arrangerte Skulesprinten for Tonning skule den 14. juni med 67 elevar frå 7.-klasse.

Aktivitetane her var N-løype, postplukk, rakettløype og natursti med o-spørsmål.

Hovudansvarleg var Grete Zachariassen medan Sissel Svarstad og Aslaug Thingnes Bø var medhjelparar.

Andre løp

Høgskulen i Volda hadde også i år haustavslutningsløp på Ullsheim, fredag 7. oktober. Det var med 35 studentar som fullførte den 3,2 km C-løype med 13 postar. Per Øen var løypelegger, og sette i gong arrangementet, medan lærarane organiserte elevane og sto for tidtakinga.

I høve Fjord-O Vest la vi ut nokre postar i Tonningkamben som løparane kunne nytte som trening. Det er usikkert kor mange som nytta seg av tilbodet. Rikard Kirkeeide Bøe planla postplasseringane, Per Øen hengde ut skjermene medan Markus Træen plukka dei inn att.

Kart

Det har ikkje vore gjort noko kartarbeid i 2016.

Spelemidlar for Stryne-kartet, kr. 45.000, er tildelt, og berre innsending av rekneskap for anlegget står att før ein får utbetalt pengane.

Komande sesong

KM Mellomdistanse

Markane IL skal arrangere dette laurdag 10. juni. Arrangementsstad er ikkje bestemt, men Grete Zachariassen skal vere løpsleiar og Per Øen løypeleggar.

Same helga skal IL Vetten ha KM Langdistanse (det som var «normaldistanse» før i tida) så her gjeld det å starte grunntreninga ☺

Finn-Fram-Dagen

Også i 2017 tenkjer vi å ha aktivitetar på Finn-Fram-Dagen. Datoen er ikkje bestemt, men vi håper også neste år å få med Barnas Turlag på arrangementet

Skulesprinten

Dette er eit viktig rekrutteringstiltak som vi må prøve å få til også i 2017. Opplegget blir vel omtrent som før.

Nær-o-løp

Talet på nær-o-løp har lege stabilt på 7-10 dei seinare åra, og der du har måtta delteke på minimum halvparten for å sikre deg den flotte samanlagt-premien.

Vi håper at de som vert spurde om å legge løyper, stiller dykk positive til dette.

Utanom Markane IL vert det vel IL Vetten og Hovdebygda IL som kjem til å arrangere nær-o-løp.

Kart

Dei fleste karta våre er brukande, men vi vil be løypeleggarar om å merke seg viktige endringar i terrenget (vegar, bygningar, hogstfelt m.m.) så skal vi få teikna inn dette. Ta kontakt med underteikna med ein gong du ser noko som må endrast.

Utanom dette vil det truleg ikkje bli starta opp med nye- eller rehabilitering av gamle kart i 2017.

Avslutning

Eg vil takke dei andre i gruppa for godt samarbeid. Det ser ut til at Svein Arne Lødemel går ut av styret. I skrivande stund er det uvisst om han vert erstatta, eller om vi køyrer vidare med berre 3 i styret. Det viktigaste er at andre medlemmar stiller på når vi har bruk for hjelp.

Stor takk også til grunneigarar, medhjelparar og dei aktive for sesongen vi har lagt bak oss. Ein spesiell takk til Antonia Karete for at vi finn det meste av resultat på heimesida.

Vel møtt i skogen på vårparten! Kanskje skulle vi også teke nokre fellesturar på løp andre stader i fylket/landet? ☺

For o-gruppa
Per Øen